



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

KONTROLLUTVALET

i

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

ÅRSMELDING 2019



**Kontrollutvala i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane
fylkeskommune samla i Førde**

Foto: Hogne Haktorson

Innhold

KONTROLLUTVALET	1
1. Om kontrollutvalet:.....	3
2. Fakta om verksemda i 2019.....	4
3. Måla til kontrollutvalet.....	4
4. Opplæring av kontrollutvalet og andre.....	4
5. Fylkeskommunen sin valde revisor - Deloitte AS.....	4
6. Sekretariat for kontrollutvalet	5
7. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).....	5
8. Kontrollutvalet til Førde	5
9. Den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen	5
10. Rekneskapsrevisjonen	6
11. Kontrollutvalet si rolle i høve regionreforma	6
12. Gjennomførte forvaltningsrevisjonar	7
13. Gjennomførte selskapskontrollar.....	10
14. Andre saker	14
14.1. Uttale om prosjektrekneskapar	14
14.2. Levering av prosjektrekneskapar frå andre enn eigedomsavdelinga.....	14
14.3. Tilpasning til ny personvernlov.....	14
14.4. Evaluering av omlegginga av fv 567 gjennom Hosanger	15
14.5. Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden	15
14.6. Øvrige saker i kontrollutvalet i 2019	15
OPPFØLGING AV TIDLEGARE GJENNOMFØRTE FORVALTNINGSREVISJONAR OG SELSKAPSKONTOLLAR	16
1. Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vgs 2	16
2. Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar	17
3. Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt.....	18
4. Forvaltningsrevisjon innan arkivering og journalføring.....	19
5. Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring.....	19
6. Forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet.....	20
7. Selskapskontroll av Grieghallen IKS.....	21

1. Om kontrollutvalet:

Lovgrunnlag

Lov om kommuner og fylkeskommuner av 25.09.1992 (kommuneloven) § 77, fastset at fylkestinget skal velje eit kontrollutval.

Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 15.06.2004, med heimel kommunelova § 77 nr. 11, "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner".

Kommunelova og denne forskrifta er viktig basis for kontrollutvalet si verksemd.

Oppgåver

Kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltinga på vegne av fylkestinget og sjá til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Hordaland fylkeskommune har konkurranseutsett revisjonsoppgåvene og det er for tida Deloitte AS som er den valde revisor.

Kontrollutvalet sitt tilsyn og kontroll vert gjort m.a. ved at:

- den valde revisor vert sett til å gjennomføre revisjon av årsrekneskapen
- den valde revisor vert sett til å gjennomføre forvalningsrevisjon, selskapskontroll og andre revisjonsoppgåver på bestilling frå utvalet
- den valde revisor rapporterer resultatet av sitt arbeid til utvalet
- fylkestinget vert orientert om saker som det er viktig å få kunnskap om
- utvalet, gjennom den valde revisor sitt arbeid til ei kvar tid, vurderer om ein har ei forsvarleg revisjonsordning

Kontrollutvalet har eit eige sekretariat som skal yte kontrollutvalet den bistand som utvalet har trong for. Sekretariatet skal m.a. sjá til at dei saker som vert handsama i kontrollutvalet er forsvarlig utgreidd og gjer innstilling i saker til kontrollutvalet.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har også vore sekretariat for kontrollutvala i desse 17 kommunane i 2019: Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Voss, Kvam, Fusa, Stord, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, Øygarden, Sund, Samnanger, Vaksdal og Askøy. I tillegg til dette er sekretariatet sekretær for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

For valperioden 2015 – 2019 er kontrollutvalet sett saman slik:

- Inge Reidar Kallevåg (H), leiar
- Kristian Helland (KRF), nestleiar
- Åse Gunn Husebø (Ap)
- Sara Berge Økland (H)
- Terje Kollbotn (R)

Inger Reidar Kallevåg (H), Åse Gunn Husebø (Ap) og Terje Kollbotn (R) har hatt sete i fylkestinget.

2. Fakta om verksemda i 2019

- Kontrollutvalet hadde 6 ordinære møter
- Kontrollutvalet handsama 106 saker
- Møta vart haldne for opne dører
- Fylkesordføraren har møterett i kontrollutvalet
- Arbeidet i kontrollutvalet byggjer på saksframlegg med innstilling laga av sekretariatet. Saksframlegget baserer seg på rapportar, utgreiningar og anna skriftleg dokumentasjon som i hovudsak er motteke frå revisjonen. Vidare baserer utvalet seg på møtebøker, orienteringar frå administrasjonen og kontakt med tilsette, organisasjonar og publikum
- Kontrollutvalet har fått tilgang til all informasjon det vart bede om

3. Måla til kontrollutvalet

- Å auke tillit og tryggleik for at fylkeskommunale oppgåver vert utført på best mogleg måte og at sakshandsaminga sikrar likebehandling og rettstryggleik
- Å auke kvalitet og effektivitet i dei interne rutinane
- Å optimalisere dei totale kontrollressursane i fylkeskommunen
- Å nytte dei fylkeskommunale midlane optimalt, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat
- Å sikre ein profesjonell og effektiv revisjon
- Å sikre uavhengigheta mellom kontrollutvalet og administrasjonen på den eine sida og kontrollutvalet og den valde revisjonen på den andre sida

4. Opplæring av kontrollutvalet og andre

I januar 2019 deltok kontrollutvalet på felles folkevaldopplæring i Stavanger (Sola) for kontrollutvala i dei 4 fylkeskommunane på Vestlandet.

I løpet av 2019 vart det i regi av Deloitte AS arrangert kurs innan «Roller og rolleforståing i fylkeskommunal eigarskapsforvaltning». Kostnaden til dette kurset ligg inne som ein del av fastprisen i avtalen mellom Deloitte og fylkeskommunen.

5. Fylkeskommunen sin valde revisor - Deloitte AS

Fylkestinget vedtok i marstinget 2017 å velje Deloitte AS som ekstern revisor for Hordaland fylkeskommune frå 1. juli 2017 til og med 30. juni 2021.

Ansvarlig revisor i 2019 har vore partner Bjarne Ryland. Han har levert eigenvurdering vedrørande at Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune. I tillegg til dette har Deloitte orientert kontrollutvalet om vurderingar av eigen uavhengighet som dei har gjort fleire gonger i løpet av året.

6. Sekretariat for kontrollutvalet

Sekretariatet har løyve til å selje tenester til andre kommunar i fylket. Dette har resultert i at sekretariatet i 2019 leverer sekretærtenester til kontrollutvala i desse kommunane: Voss, Øygarden, Samnanger, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Fusa, Sund, Fitjar, Vaksdal og Askøy. I tillegg til dette er sekretariatet også sekretær for kontrollutvalet i Bergen kirkelige fellesråd.

Sekretariatet disponerte fram til 01.09.2019 i alt 5 tilsette med til saman 4,8 årsverk. Deretter har sekretariatet disponert 4 tilsette med til saman 4 årsverk.

7. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein interesseorganisasjon for kontrollutvala i Noreg og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune og sekretariatet er begge medlemmer i FKT.

FKT hadde sin årlege fagkonferanse og årsmøte i Kristiansand i tidsrommet 04. – 05.06.2019. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune hadde denne gongen ingen deltakar på konferansen.

8. Kontrollutvalet til Førde

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjennomførte i tida 06. – 07.05.2019 felles møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune. I denne fellessamlinga fekk utvala orientering frå prosjektleiar/fylkesrådmann om status i arbeidet med fylkessamslåinga, personvernombodet orienterte om status for innføring av ny personvernlov og Avdeling kultur, idrett og inkludering orienterte om deira arbeid. Vidare drøfta kontrollutvala saker som gjeld kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune t.d. Reglement for kontrollutvalet, Budsjett for kontrollarbeidet i 2020 og innkomne tilbod på revisjonstenester for Vestland fylkeskommune.

I tillegg til dette gjennomførte kontrollutvalet eit ordinært kontrollutvalsmøte.

9. Den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen

Av rekneskapen for 2018 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 90,1 mill dvs. netto resultatgrad på 0,96 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 3,8 % i 2018. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet oppjustert til 4,0 %.

For Hordaland fylkeskommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2014 (+ 0,66 %), 2015 (+ 2,07 %), 2016 (+ 2,88 %), 2017 (+ 1,96 %) og 2018 (+ 0,96 %). Som vi ser av desse tala har fylkeskommunen eit resultat som i 2018 er monaleg lågare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i fylkeskommunane. Dette var og tilfelle i 2015, 2016 og 2017.

Kontrollutvalet oppsummerte slik i sin uttale til årsrekneskapen:

1. *Kontrollutvalet er uroa over at fylkeskommunen si lånegjeld framleis er stor og utgjer ved utgangen av 2018 109,4 % av fylkeskommunen sine årlege driftsinntekter.*
2. *Sjølv om det er ein liten nedgang i lånegjelda i høve 2017, då talet var 113,4 %, meiner kontrollutvalet at denne utviklinga ikkje kan halda fram og ser derfor positivt på at ein framleis*

- har trappa opp innbetalinga av avdrag for å bremsa gjeldsveksten. Kontrollutvalet er samde med konst. fylkesrådmann at dette ikkje er ei bærekraftig utvikling.*
3. Kontrollutvalet er og uroa over at netto driftsresultat i 2018 vart på 0,96 % medan måltalet for fylkeskommunane bør vera på minst 4 %. Kontrollutvalet har og merka seg at i 10 av dei siste 11 driftsåra er netto driftsresultat i Hordaland lågare enn gjennomsnittet av dei andre fylkeskommunane.
 4. Kontrollutvalet har vidare merka seg at administrasjonen har sett i verk fleire prosessar som truleg vil bidra positivt, men kontrollutvalet vil samstundes understreka konst. fylkesrådmann si vurdering om at det i tida framover må prioriterast endå tydelegare.
 5. Kontrollutvalet oppmøder fylkeskommunen om å prioritere forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport 2018 nr. 21, frå Deloitte

Fylkesrådmannen gjorde i møte 02.09.2019 greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 21 frå Deloitte, som gjeld rekneskapsåret 2018. Kontrollutvalet sa seg nøgd med informasjonen som kom fram og tok den til orientering.

10. Rekneskapsrevisjonen

Deloitte orienterte kontrollutvalet gjennom heile året om status når det gjeld rekneskapsrevisjonen. Deira plan for rekneskapsrevisjon vart presentert for utvalet våren 2019.

Dei presenterte den gjennomførte interimsrevisjonen for 2019 for kontrollutvalet i møte 25.11.2019. Deloitte har i samband med interimsrevisjonen gjort særskilde vurderingar av rutinar innan delar av intern kontrollen i fylkeskommunen.

På bakgrunn av interimsrevisjonsrapporten gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

«Kontrollutvalet tar interimsrevisjonsrapport 2019 frå Deloitte til orientering.»

11. Kontrollutvalet si rolle i høve regionreforma

Kontrollutvalet har i 2019 hatt desse aktivitetane i høve regionreforma:

- Prosjektleiar/fylkesrådmann har ved fleire høve i 2019 orientert kontrollutvalet om status i arbeidet med regionreforma.
- Kontrollutvalet har lagt fram sak med innstilling til fellesnemnda på val av revisor for Vestland fylkeskommune – Innstilling vart vedteke
- Kontrollutvalet har lagt fram sak med innstilling til fellesnemnda på Reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune – Innstilling vart vedteke
- Kontrollutvalet har lagt fram sak med inn stilling til fellesnemnda om organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune – Innstillinga vart vedteke
- Kontrollutvalet har lagt fram forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune, forslaget vart vedteke av fylkestinget i Vestland fylkeskommune i desember

Alle desse sakene har vore drøfta med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune som med få unntak har lagt fram likelydande innstilling og forslag til vedtak.

12. Gjennomførte forvaltningsrevisjonar

Forskrift om kontrollutvalg § 9. Forvaltningsrevisjon lyd slik:

"Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap."

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i sakshandsaminga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei forvaltningsrevisjonane som kontrollutvalet har handsama i 2018.

12.1. Analyse og plan for forvaltningsrevisjon

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

"Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter."

12.2. Rullering av plan for forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet rullerte plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 i 2018 . Av planen går det fram desse prosjekta skal prioriterast framover:

1. Oppfølgingstenesta (OT)
2. Bybanen utbygging
3. Psykososialt læringsmiljø
4. Innkjøp
5. Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel
6. Informasjonstryggleik
7. Beredskap på veg 2
8. Etterleving av barnekonvensjonen
9. Transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga)
10. Etikk, habilitet og fullmakter
11. Krav til timetal i vidaregående opplæring
12. Økonomistyring og etterleving av budsjett i skulane

Prosjekt nr. 2, 7 og 9 av desse vart gjennomført i 2019.

12.3. Forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltning

Kontrollutvalet bestilte i februar 2018 forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning.

Revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 12.06.2019 der det vart gjort slikt samråystes vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utarbeide samla oversikt over nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga med tilhøyrande tiltak
2. Vidareutvikle rapporteringa for å sikre betre styringsinformasjon i kulturminneforvaltninga
3. Gjennomføre risikovurderinger knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar i kulturminneforvaltninga
4. Gjennomgå og tydeleggjere rolle- og oppgåvedelinga internt hos Fylkeskonservator
5. Etablere eit overordna rutinedokument som gir oversikt over gjeldande retningsliner, rutinar og malar knytt til dei ulike oppgåvene Fylkeskonservatoren har ansvar for
6. Sikre at alle rutinar er oppdaterte og elles drøfte med dei tilsette kva rutinar og malar som hadde vore hensiktsmessig å ha
7. Etablere tydelegare kriterium for tildeling av tilskot til musea
8. Sikre etterleving av lovpålagte fristar i sakshandsaminga av dispensasjonssaker
9. Sikre at mynde til å fatte vedtak alltid er tydeleg delegert for ulike sakstypar
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 07.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

Handlingsplan i tråd med punkt 10 i vedtaket over vart handsama i møte i kontrollutvalet 25.11.2019 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune fortsette å arbeide vidare med forbetringspunkta etter forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning, som ein del av førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.
2. Kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbetringspunkta i forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltninga er ivareteke i den nye fylkeskommunen.

12.4. Bybanen utbygging

Kontrollutvalet bestilte i september 2018 forvaltningsrevisjon av Bybanen utbygging. Revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 01.10.2019 der det vart gjort slikt samråystes vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon av Bybanen Utbygging ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. At det vert utarbeidd skriftlege rutinar knytt til:
 - a. dei ulike oppgåvene som inngår i hovedprosessar for byggetrinn i BU sitt kvalitetssystem, og
 - b. dei delane av anskaffningsprosessen der det er identifisert behov for nye/reviderte rutinar.
2. Etablere systematiske kontrollar for å undersøke og følgje opp at etablerte rutinar og malar for gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver blir nyttा i samsvar med intensionen.
3. Sørge for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinnet, under dette oversikt over kva utgifter dei ulike involverte aktørane skal betale for, samt rutinar for å berekne dei kostnadene som skal vidarefakturerast og når kostnadene skal betalast inn.
4. Evaluere prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4, og gjennomfører analysar av om det i samband med inngåing av denne type kontraktar finst relevant forbetringspunkt som det er viktig at BU tek omsyn til i seinare prosessar for inngåing av tilsvarende kontraktar.
5. At det vert arbeidd vidare med å løyse utfordringane når det gjeld samhandling med Bane NOR

- og oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU frå dokumentsenteret i Hordaland fylkeskommune.
6. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

12.5. Tranporttenesta for forflytningshemma

Kontrollutvalet bestilte i desember 2018 forvaltningsrevisjon av transporttenesta for forflytningshemma. Revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 01.10.2019 der det vart gjort slikt samrøystes vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon innan transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga) ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. Etablere skriftlege rutinar for saksbehandling av søknader om TT-godkjenning for å sikre at praksis for saksbehandling av søknader samsvarer med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga, til dømes rutinar som skal sikre:
 - at saksbeandlerane si habilitet blir vurdert ved fordeling av søknader for behandling
 - at det er tydeleg både for søkerar og saksbeandlerar kva søknader som kan bli behandla administrativt og kva søknader som skal vurderast av legenemnda
 - at søknadene blir behandla utan ugrunna opphold
 - at det blir sendt ut førebels svar om søknaden ikkje kan svarast på innan fire veker, med informasjon om kva som er årsaka til at søknaden ikkje kan bli behandla tidlegare i samsvar med forvaltningslova § 11 a
 - at saksbeandlerar og legane i legenemnda blir gitt god rettleiing for kva som skal (og ikkje skal) vektleggast ved vurdering av søknadane og utforming av vedtak
 - at opplysningar av betyding for saka, og som blir formidla munnleg, blir nedteikna skriftleg
 - at det er lik praksis når det gjeld i kva tilfelle fylkeskommunen skal etterspørje tilleggsopplysningar for å behandle ein søknad, og i kva tilfelle søknader kan bli avvist på bakgrunn av manglande dokumentasjon
 - at vedtak blir grunngjeve og at det blir vist til relevante reglar som vedtaket byggjer på i samsvar med forvaltningslova § 25
 - at praksis for fornying av TT-kort er i samsvar med krav i forvaltningslov og personvernlovgiving
 - at førebuinga av klagesaker er lik uavhengig av saksbeandlerar og at instansane som skal vurdere klagesaker er informert om dei vilkåra sakene skal vurderast på bakgrunn av
2. Sikre at informasjon gitt til søkerane, mellom anna i brev og på fylkeskommunen sine nettsider, er korrekt og i samsvar med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga.
3. Vurdere om søknadsskjema og legeerklæringsskjema er tilpassa alle brukargruppene som er omfatta av TT-ordninga og sikrar at dei legger til rette for likebehandling av søknader uavhengig av type sjukdom eller funksjonshemming.
4. Utbetre statistikken som blir ført over talet på klager og vedtak som blir endra utan behandling i klagenemnda.
5. Greie ut nærmare kva behandlingsgrunnlag fylkeskommunen har for å behandle helseopplysningar i samband med behandling av søknader om TT-godkjenning, og sikrar at alle søkerar signerer personvernerklæringa dersom behandlingsgrunnlaget skal vere samtykke frå den enkelte brukar.
6. Etablere rutinar for melding av avvik og oppfølging av desse som ein del av forbettingsarbeidet.
7. Vurdere tiltak for å styrke involveringa av brukarorganisasjonar i utviklinga av TT-ordninga og nytte innspel frå brukarane til evaluering og forbeting av tenesta.
8. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

12.6. Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular

Kontrollutvalet bestilte i februar 2019 fra Deloitte «Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular». Revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 12.06.2019 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretak krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I dette ligg det også at det må vurderast om måten å beregne «potten» på er den rette, då noverande beregningsmodell ikkje sikrar likebehandling.*
2. *Utarbeide skriftlege retningsliner og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompenserande tiltak mv.*
3. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.*
4. *Fylkesrådmannen gjer ei ny vurdering av innkomne krav for refusjon av utgifter til spesialundervisning i perioden frå fylkeskommunen endra modellen for refusjon av utgifter til spesialundervisning. Gjennomgangen skal gjerast med sikt på å eventuelt tilbakebetale manglante utgiftsdekning for friskolane.*

Handlingsplan i tråd med punkt 3 i vedtaket over vart handsama i møte i kontrollutvalet 25.11.2019 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med forbetringspunkta etter vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular, som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.*
2. *Kontrollutvalet anmøder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 20.04.2020, på korleis forbetringspunkta etter vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular er ivareteke i den nye fylkeskommunen.*

13. Gjennomførte selskapskontollar

Forskrift om kontrollutvalg i kommunar og fylkeskommunar § 13. Selskapskontroll lyd m.a. slik:

«Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.»

13.1. Analyse og plan for selskapskontroll

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd vidare slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikt på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorar og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i

planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.»

13.2. Selskapskontroll av Bybanen AS

Kontrollutvalet bestilte i oktober 2016 selskapskontroll av Bybanen AS. Etter at arbeidet var starta opp blei det sett i gang omorganisering av selskapet m.a. på bakgrunn av ein tilsynsrapport frå Jernbanetilsynet. Kontrollutvalet vedtok på bakgrunn av dette å utsette denne selskapskontrollen til ny organisering hadde fått virke ei stund.

I møte i kontrollutvalet 24.09.18 vart saka starta opp igjen og revisjonsrapport vart handsama i møte i fylkestinget 01.10.2019 der det vart gjort slikt samrøystes vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

*På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **fylkesrådmannen** om å syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:*

1. Utarbeide ein eigarskapsstrategi for Bybanen AS
2. Sikre ei føremålstenleg budsjettoppfølging av Bybanen AS, inkludert formalisering av storleiken på overskotet.
3. Syte for at mandatet til valnemnda blir skriftleggjort
4. Sikre at grunngjeving av val av styremedlemmar blir skriftleggjort
5. Syte for at tilrådingane i evalueringsrapporten frå Karabin blir følgt opp, og under dette koordinere og følgje opp arbeidet på ein planmessig måte for å sikre lik forståing av roller og ansvar i ny organisasjonsmodell
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

*På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **selskapet** om å:*

1. Utarbeide ein styreinstruks
2. Registrere styremedlemmar i styrevervregisteret
3. Avklare budsjettprosess med eigar, og syte for at rutinane for budsjettarbeidet blir skriftleggjort
4. Gjere ei dokumentert vurdering av nivå på driftsoverskot og sikre at eit ev. påslag er forankra hjå eigar og formaliserast i avtalen med fylkeskommunen
5. Vurdere tiltak for å sikre betre informasjonsflyt ved driftshendingar, inkludert:
 - a) Ferdigstille rutinar og prosedyrar knytt til intern informasjonsflyt i selskapet, og sikre at desse er kjende i organisasjonen
 - b) Bidra til å finne løysingar og å etablere prosedyrar for å sikre at relevant informasjon blir utveksla mellom Bybaneaktørane på ein effektiv og rasjonell måte.
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget ber også om at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

13.3. Selskapskontroll av Vigo IKS

Kontrollutvalet fekk invitasjon frå Sør-Trøndelag fylkeskommune til å delta i felles selskapskontroll av Vigo IKS. Dette selskapet skal ivareta utvikling av fylkeskommunanes IT-system innan vidaregåande opplæring.

Revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 01.10.2019 der det vart gjort slikt samråystes vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

1. *Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Trøndelag fylkeskommune.*
2. *Det vert lagt til grunn at kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune føl opp vedtaket gjort av fylkestinget i eige fylke.*

13.4. Selskapskontroll av Ferde AS

På bakgrunn av artikkel i NRK 20.08.2019 om Ferde AS og Skyttel AS vart det gjort slikt vedtak i møte i kontrollutvalet 02.09.2019:

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, saman med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, ber Deloitte om å lage forslag til ein prosjektplan på gjennomføring av ein selskapskontroll av Ferde AS og Skyttel AS.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan vert levert sekretariatet innan 13.09.19.
4. Leiari i kontrollutvalet får fullmakt, i samråd med sekretariatet, til å godkjenne prosjektplanen.
5. Dei andre eigarane vert orientert om at selskapskontrollen vert sett i gang og invitert til å delta.

Rogaland fylkeskommune har takka ja til å delta i selskapskontrollen medan Aust-Agder og Vest-Agder fylkeskommunar har takke nei, jf. punkt 5 i vedtaket over. I løpet av prosessen med å godkjenne prosjektplanen vart det semje om at det vil vera føremålstøyting å dele selskapskontrollen i 2, ein for Ferde AS og ein for Skyttel AS. Denne sakta gjeld selskapskontroll av Ferde AS.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at denne selskapskontrollen har slikt føremål:

Føremålet med selskapskontrollen vil vere å undersøke om organiseringa av og aktivitetane i Ferde er i samsvar med føremålet til selskapet, og vidare å undersøke om bruk av midlar er i samsvar med regelverket og eigarane sine føringar.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. *Blei fusjonsprosessane som låg til grunn for etableringa av selskapet gjennomført i samsvar med regelverket og eigarane sine føringar? Under dette vil vi mellom anna sjå på rutinar og praksis knytt til bierverv og liknande, samt relasjonen mellom Ferde AS og Skyttel AS.*
2. *Har eigarfylkeskommunane etablert ei tilfredsstillande eigaroppfølging av selskapet?*
 - a. *Er det etablert tydelege mål for Ferde AS, og er ev. mål i samsvar med bompengereforma?*
 - b. *Gjennomfører eigarane kontroll med selskapet sine kostnadar og bruk av midlar?*
3. *I kva grad har styret hatt ei tilfredsstillande oppfølging av selskapet?*
4. *Har selskapet gjort naudsynte tiltak for å sikre at personopplysninga blir handsama i samsvar med krav i regelverket? a. Har selskapet gjort tilstrekkelege risikovurderinger?*
 - a. *Har selskapet databehandleravtalar med alle leverandørar som handsamar personopplysningar på vegner av selskapet?*
 - b. *Har selskapet nytta lovlege overføringsmekanismar i samband med utføring av personopplysningar frå EØS?*
5. *Er ressursbruken i Ferde AS i samsvar med og eigna til å understøtte føremålet til selskapet?*
 - a. *I kva grad er det etablert ein tydeleg ansvars- og rolledeling internt i selskapet med omsyn til økonomiske fullmakter?*
 - b. *I kva grad er det etablert rutinar for vurdering av uavhengigheit og habilitet i selskapet?*
 - c. *Har bruken av midlar i selskapet vore i samsvar med regelverket og eigarane sine føringar sidan oppstart og fram til 30. juni 2019. Det vi vil sjå på er:*

- i. Er utvalde innkjøp gjort i samsvar med krav i regelverket for offentlege anskaffingar, og korleis er nærliggande relasjonar handtert i innkjøpsprosessar?
- ii. Er kostnadsnivået for utvalde aktivitetar og postar som seminar, reise, løn mm., rimelige for eit offentleg eigd selskap og føremålet med aktivitetane?

13.5. Selskapskontroll av Skyttel AS

På bakgrunn av artikkel i NRK 20.08.2019 om Ferde AS og Skyttel AS vart det gjort slikt vedtak i møte i kontrollutvalet 02.09.2019:

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, saman med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, ber Deloitte om å lage forslag til ein prosjektplan på gjennomføring av ein selskapskontroll av Ferde AS og Skyttel AS.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringer har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan vert levert sekretariatet innan 13.09.19.
4. Leiari i kontrollutvalet får fullmakt, i samråd med sekretariatet, til å godkjenne prosjektplanen.
5. Dei andre eigarane vert orientert om at selskapskontrollen vert sett i gang og invitert til å delta.

Rogaland fylkeskommune har takka ja til å delta i selskapskontrollen medan Aust-Agder og Vest-Agder fylkeskommunar har takke nei, jf. punkt 5 i vedtaket over. I løpet av prosessen med å godkjenne prosjektplanen vart det semje om at det vil vera føremålstreng å dele selskapskontrollen i 2, ein for Ferde AS og ein for Skyttel AS. Denne saka gjeld selskapskontroll av Skyttel AS.

I den godkjende prosjektplanen har selskapskontrollen slikt føremål:

Føremålet med selskapskontrollen vil vere å undersøke om organiseringa av og aktivitetane i Skyttel AS er i samsvar med føremålet til selskapet, og vidare å undersøke om bruk av midlar er i samsvar med eigarane sine føringer.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Har eigarfylkeskommunane etablert ei tilfredsstillande eigaroppfølging av selskapet?
 - a. Er det etablert tydelege mål for Skyttel AS, og er ev. mål i samsvar med bompengereforma?
 - b. Gjennomfører eigarane kontroll med selskapet sine kostnadar og bruk av midlar?
2. I kva grad er selskapet organisert slik at det kan ivareta dei oppgåvane som ligg til grunn for skipinga av selskapet (utstedarverksemd mm.)?
3. Har selskapet gjort naudsynte tiltak for å sikre at personopplysninga blir handsama i samsvar med krav i regelverket? a. Har selskapet gjort tilstrekkelege risikovurderinger?
 - a. Har selskapet databehandleravtalar med alle leverandørar som handsamar personopplysningar på vegner av selskapet?
 - b. Har selskapet nytta lovlege overføringsmekanismar i samband med ev. utføring av personopplysningar frå EØS?
4. Er ressursbruken i Skyttel AS i samsvar med og eigna til å understøtte føremålet til selskapet? a. Er dei økonomiske aktivitetane i selskapet eigna til å understøtte føremålet eigarane har med selskapet?
 - a. I kva grad er det etablert ein tydeleg ansvars- og rolledelinga internt i selskapet med omsyn til økonomiske fullmakter?
 - b. I kva grad er det etablert rutinar for vurdering av uavhengigheit og habilitet i selskapet?
 - c. Har bruken av midlar i selskapet vore i samsvar eigarane sine føringer sidan oppstart og fram til 30. juni 2019. Det vi vil sjå på er:
 - i. Er kostnadsnivået for utvalde aktivitetar og postar som seminar, reise, løn mm., rimelige for eit offentleg eigd selskap?
 - ii. I kva grad er det etablert rutinar for å sikre effektive innkjøp og blir desse følgt i praksis?

14. Andre saker

14.1. Uttale om prosjektrekneskapar

I løpet av 2019 har kontrollutvalet fått til handsaming 7 prosjektrekneskapar som gjeld prosjekt der eigdomsavdelinga har ansvaret.

Det kan i den samanheng opplysast om at fylkestinget vedtok slike nye retningsliner i møte 12.06.2018:

1. *Fylkestinget godkjenner at prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*
2. *Fylkestinget godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 25 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*

I saksutgreiinga til denne saka går det m.a. fram dette:

«Den gjeldande prosedyren frå rekneskapsavslutting til godkjent prosjektrekneskap foreslår fylkesrådmannen å halde fram med. Det medfører at avslutta rekneskap vert revidert før det vert handsama i kontrollutvalet. Fylkesrådmannen utarbeider deretter sak til det organet som har fastsett budsjettet for endeleg godkjenning av prosjektrekneskapet.»

14.2. Levering av prosjektrekneskapar frå andre enn eigdomsavdelinga

Kontrollutvalet har i 4 møter i 2019 hatt fokus på prosjektrekneskapar frå andre enn eigdomsavdelinga der det i møte 25.11.2019 vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.*
2. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune oppmodar fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune om at aktuelle prosjektrekneskapar vert lagt fram for Deloitte til revisjon så snart dei er klare.*
3. *Kontrollutvalet oppmodar om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune syter for at dei første prosjektrekneskapane kan handsamast i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune sitt møte i mai 2020. Sakstilfanget vert å levere sekretariatet innan 20.04.2020.*

14.3. Tilpasning til ny personvernlov

Fylkesrådmannen har ved fleire høve orientert kontrollutvalet om status i høve arbeidet med tilpassing til ny personvernlov seinast i møte 25.11.2019 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet oppmodar om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune snarast råd gjer ei avklaring på kven som skal verta nytt personvernombod. I denne situasjonen bør det også vurderast om det kan vera føremålstenleg å skilje denne rollen frå personvernrådgjevarollen for Vestland fylkeskommune. Det er ønskjeleg med skriftleg orientering om dette til møte i kontrollutvalet 12.02.2020.*
2. *Det vert oppmoda om at skriftleg orientering i høve punkt 1 vert å sende sekretariatet innan 27.01.2020.*
3. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune oppmoder om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune kjem med ny skriftleg og munnleg status i høve tilpassinga til ny personvernlov til siste møte i første halvår 2020 i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.*

4. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 18.05.2020.
5. Informasjonen vert elles teken til orientering.

14.4. Evaluering av omlegginga av fv 567 gjennom Hosanger

Kontrollutvalet har i fleire møter gjennom 2019 handsama sak om evaluering av omlegginga fv 567 gjennom Hosanger seinast i møte 25.11.19 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet oppmodar om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, til første møte i 2020 i det nye kontrollutvalet, sender til utvalet ei skriftleg vurdering når det gjeld manglar i høve inngåtte kontraktar for dei 19 punkta som det er stilt spørsmål ved.
2. Det vert oppmoda om at det skriftlege svaret vert å sende sekretariatet innan 27.01.2020.
3. Informasjonen vart elles teken til orientering.

14.5. Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden

Kontrollutvalet evaluerte arbeidet i denne valperioden i møte 25.11.2019. I evalueringa deltok forutan kontrollutvalet, fylkesrådmann i Hordaland fylkeskommune, prosjektleiar/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune, revisor og sekretariatet. Det vart gjort slikt vedtak:

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2015 – 2019 blir å legge fram for kontrollutvalet Vestland fylkeskommune i valperioden 2019 – 2023.

14.6. Øvrige saker i kontrollutvalet i 2019

- Fylkesrådmannen orienterte om:
 - Oppfølging av tilsynsrapport gjeldande vaskehall på Hauglandshella
 - Vurdering av HFK sine forpliktingar og ansvar i høve Economusee Fjordtynna
 - Det er «Business as usual» tross arbeid med regionreforma i fleire møter gjennom året
- Forslag til kurs i regi av Deloitte
- Budsjettforslag for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune for 2020
- Rekneskapsresultat for kontrollutvalet i løpet av året

OPPFØLGING AV TIDLEGARE GJENNOMFØRTE FORVALTNINGSREVISJONAR OG SELSKAPSKONTOLLAR

Kontrollutvalet har i løpet av 2019 følgt opp status på kva tiltak som er sett i verk i høve fylkestinget sine vedtak på tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskapskontollar. Resultatet av dette arbeidet går fram av punkta under.

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følge opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det har vore vanleg praksis at dette også gjeld rapportar om selskapskontroll. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

1. Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vgs 2

På bakgrunn av det som kom fram i forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skula - Del1 bestilte kontrollutvalet forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift – Del 2 i møte 17.11.16. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget i møte 06.03.2018 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Etablere ein meir eintydig definisjon av oppdragsverksemd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagnede oppgåver og oppdragsverksemd, og sikrar at definisjonen blir gjort kjent på skulane.*
2. *Utarbeide ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventingar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.*
3. *Sikre at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglement og/eller andre relevante styringsdokument.*
4. *Etablere, og halde ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.*
5. *Utarbeide, og/eller revidere eksisterande retningsliner og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:
 - a) korleis forretningsdrift skal bli budsjettert
 - b) kva oppdrag skulane skal kunne utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert
 - c) første fase av oppdragsfakturering som skulen er ansvarleg for
 - d) riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva
 - e) eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje skjer kryss-subsidiering, m.a. korleis indirekte kostnader skal bereknast, slik som t.d. straum, reinhald, husleie
 - f) rutinar for prissetting og kva prisettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn av skulane.*
6. *Gjennomgå praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulane, og vurdere om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryss-subsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje*

førekjem.

7. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet har handsama oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen ved 3 høve i 2018 og 2019 der det seinast i møte 02.09.2019 vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med forbetringspunkta etter forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – del 2», som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.
2. Kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbetringspunkta i forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – del 2» er ivaretake i den nye fylkeskommunen. I denne tilbakemeldinga må det også gå fram konkret korleis ein har løyst det som går på oppdragsverksem/forretningsdrift.

2. Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar

Kontrollutvalet bestilte i september 2016 forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar. Revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 13.06.2017 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialiserande og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikrar at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2.
2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring.
3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt underveis i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd.
4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd.
5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov.
6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld:
 - a) grunngjeving av enkeltvedtak
 - b) skildring av kva det er fatta vedtak om
 - c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka
 - d) enkeltvedtak om opphør av særskild språkopplæring
7. Å legge til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring.
8. Å avklare og tydeleggjere ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurderer forde勒 og ulemper ved å ha eit innføringsstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjjer kva dette har å seie for elevane.
9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer
10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.»
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som

skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen skal også leggjast fram for fylkestinget via utval for opplæring og helse.»

Oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen er gjort ved 4 høve i 2017, 2018 og 2019 der det i møte i kontrollutvalet 02.09.2019 vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg at dei fleste forbettingspunktata no er ferdig gjennomført når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar sjølv om det enno står litt arbeid igjen.
2. Utvalet seier seg nøgd med tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen, ønsker lukke til i det vidare arbeidet og seier seg ferdig med saka.

3. Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt

Kontrollutvalet bestilte i oktober 2016 forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget 06.03.2018 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. *Etablering av system og rutinar som sikrar at usikkerheit blir kostnadsbereken i samband med kostnadskalkylar for byggeprosjekt i regi av egedomsavdelinga, og fortløpande i prosjektgjennomføringa i samband med analyser av usikkerheit.*
2. *At usikkerheit og risiko knytt til dei tidlege kostnadsestimata for både fylkesvegprosjekt og byggeprosjekt i regi av egedomsavdelinga blir tydeleggjort, også ovanfor politisk nivå, for å sikre at det føreligg eit forsvarleg beslutningsgrunnlag ved avgjerd om prioritering av investeringsprosjekt. I dette ligg sikring av at prisstigning vert teke omsyn til og synleggjort.*
3. *Å tydeleggjere behovet for gode totalprognosar ovanfor Statens vegvesen som Sams vegadministrasjon, og avklarar korleis slik rapportering best kan kome på plass. I dette ligg at prosjektrekneskap skal reviderast og leggjast fram for kontrollutvalet, tilsvarande som prosjekt frå egedomsavdelinga.*
4. *At delegering av mynde når det gjeld investeringar på fylkesvegnettet, til fylkesrådmannen og vidare til regionvegsjefen, er så tydeleg at det i minst mogleg grad er rom for ulike fortolkingar.*
5. *Å fastsette kriterium for kor stor grad av usikkerheit som er akseptabel i ulike fasar av eit investeringsprosjekt. Det bør vurderast om Hordaland fylkeskommune skulle ha nytta ekstern kvalitetssikring ved løyvingar til dei største investeringsprosjekta.*
6. *Å vurderer om det kan vere føremålstenleg å etablere nokre overordna prinsipp som skal liggje til grunn for prosessane med prioritering av investeringsprosjekt på tvers av sektorane*
7. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Kontrollutvalet har handsama oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen ved 3 høve i 2018 og 2019 der det i siste handsaming i møte 12.06.2019 vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med forbettingspunktata etter forvaltningsrevisjon innan investeringsplanlegging, som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.*
2. *Kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbettingspunktata i forvaltningsrevisjon innan investeringsprosjekt i Hordaland fylkeskommune er ivareteke i den nye fylkeskommunen.*

4. Forvaltningsrevisjon innan arkivering og journalføring

Kontrollutvalet bestilte hausten 2017 forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit. Revisjonsrapport vart levert våren 2018 og fylkestinget gjorde i junitinget på bakgrunn av denne slikt vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at arkivplanen er fullstendig jf. krava i arkivforskrifta og riksarkivaren si forskrift og at arbeidet med å oppdatere planen blir gjennomført.
2. Sikre at retningsliner og rutinar for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument er eintydige, oppdaterte og samla på ein plass.
3. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument og sikre at desse følgjer krava i regelverket
4. Sikre at all inngående og utgående korrespondanse blir journalført i samsvar med krav i regelverket, samt at:
 - a. det blir utarbeidd rutinar som sikrar at journalpostar ikkje blir liggjande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaminga og at
 - b. arbeidet med å inkludere alle journalleiningane i fylkeskommunen i postlista blir gjennomført
5. Utarbeide utfyllande retningsliner og rutinar for skjerming av informasjon i postlista
6. Sikre at retningsliner og rutinar for meirinnsyn er i samsvar med relevante føresegner
7. Gjennomgå retningsliner og rutinar for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med føresegna i regelverket
8. Sikre at retningslinene og rutinane for handsaming av innsynskrav i saksdokument blir følgt, og at dei som handsamar innsynskrav har tilgang til tilstrekkeleg kompetanse
9. Gjennomgå reglement for sakshandsaming i folkevalde organ og sikre at dette er i samsvar med gjeldande regelverk, t.d. med omsyn til kunngjering av politiske møte
10. Sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte blir utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring
11. Sikre at tilsette mottar tilstrekkeleg opplæring i tema knytt til journalføring, arkivering og offentlegheit, og informere om kvar ein kan finne gjeldande rutinar og retningsliner for dette arbeidet
12. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 29.10.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet har handsama oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen ved 3 høve i 2018 og 2019 der det i siste handsaming i møte 02.09.2019 vart gjort slikt vedtak:

Kontrollutvalet er nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon innan arkivering og offentlegheit, ønskjer lukke til i det vidare arbeidet og seier seg ferdig med saka.

5. Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring i møte 19.11.18. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget 12.12.2018 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at registrering av sluttårsak i størst mogleg grad er korrekt, slik at ein får så få feilkjelder som mogleg.
2. Sikre at det blir gjennomført systematiske analyser av fråfallsårsaker, karakteristika som påverkar fråfallet, og skulebidragsindikatoren ved den enkelte skule, for å få eit betre grunnlag for iverksetting av målretta tiltak.
3. Gjere systematiske analyser av årsaker til heving av lærekontraktar per fagområde, for å få eit

- better grunnlag for målretta tiltak.*
4. *Sikre at fråfallsførebyggjande tiltak på den enkelte skule blir systematisk evaluert.*
 5. *Leggje ytterlegare til rette for erfaringsdeling og deling av beste praksis når det gjeld arbeid med fråfall.*
 6. *Analysere årsaken til at det er begrensa bruk av midlar til særleg oppfølging og/eller tilrettelegging for lærlingar, og vurderer eventuelle tiltak.*
 7. *Arbeide for å avklare og tydeleggjere ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og opplæringskontora når det gjeld oppfølging av lærebodrifter som er medlem av opplæringskontor.*
 8. *Sette i verk tiltak for å få betre oversikt over, og kome tidlegare inn i, saker der det er utfordringar i eit lærlingforhold som medfører risiko for heving av kontrakt.*
 9. *Sikre at oppfølgings tenesta (OT), og eventuelle andre relevante aktørar, blir involvert i oppfølging av saker der det er risiko for heving av lærekontrakt.*
 10. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*
 11. *Alle tiltak som vert sett inn for å førebyggja og redusera fråfall bør evaluerast.*

Kontrollutvalet følgde denne forvaltningsrevisjonen opp i 3 møter i 2019 der det i møte 25.11.2019 vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med forbetringspunkta etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregående opplæring, som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.*
2. *Kontrollutvalet oppmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å koma med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbetringspunkta etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregående opplæring er ivareteke i den nye fylkeskommunen. Dette gjeld i første rekke for punkta 3, 4, 5, 6, 7, 8 og 9.*

6. Forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet i møte 05.02.2018, Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget 03.10.18 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling fra kontrollutvalet:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. *Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.*
2. *Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgaver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.*
3. *Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.*
4. *At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.*
5. *Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet.*
6. *Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.*
7. *Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.*
8. *Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.*
9. *Å informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flom ol. hendingar som har medført større utfordringer i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også*

- vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet har handsama oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen ved 2 høve i 2019 seinast i møte 12.06.2019 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med forbetringspunkta etter forvaltningsrevisjon av transportberedskap på fylkesvegane, som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.
2. Kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbetringspunkta i rapport om transportberedskap på fylkesvegane i Hordaland fylkeskommune er ivareteke i den nye fylkeskommunen.

7. Selskapskontroll av Grieghallen IKS

Kontrollutvalet bestilte i møte 29.11.17 selskapskontroll av Grieghallen IKS. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget 12.12.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS ber fylkestinget **fylkesordførar** syta for å:

1. Vurdere konsekvensen av at eit av styremedlemmane no er konstituert fylkesrådmann med omsyn til habilitet når saker vedrørende selskapet skal handsamast i fylkestinget.
2. Følgje opp KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:
 - a) grunngjeving av val av styremedlemmar.
 - b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.
 - c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.
3. Sikre at talet på styremedlemmar er i samsvar med intkomsel. § 4.
4. Oppdatere selskapsavtalen og sørge for at praksis er i samsvar med avtalen (mellan anna når det gjeld formulering om varamedlemmar, kva endringar som skal handsamast i fylkesting og bystyre, og val av styreleiar).
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.06.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Grieghallen IKS** ber fylkestinget styret syta for å:

1. Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med intkomsel. § 8 og selskapsavtalen.
2. Utarbeide økonomiplan i samsvar med intkomsel. § 20 og selskapsavtalen
3. Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med intkomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.
4. Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
5. Formalisere avtaleforholdet med innleid dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
6. Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.
7. Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.
8. Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkelskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomta.
9. Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.
10. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet følgde denne selskapskontrollen opp i 2 møter i 2019 der det i møte 25.11.2019 vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ber om at **Grieghallen IKS** kjem med skriftleg tilbakemelding på desse 9 punkta som vart vedteke av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018 til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 20.01.2020.
 1. Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med intkomsel. § 8 og selskapsavtalen.
 2. Utarbeide økonomiplan i samsvar med intkomsel. § 20 og selskapsavtalen
 3. Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med intkomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.
 4. Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
 5. Formalisere avtaleforholdet med innleid dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
 6. Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.
 7. Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.
 8. Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkelskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomta.
 9. Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.
2. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune oppmoder **fylkesordførar i Vestland fylkeskommune** om å komme med tilbakemelding på desse punkt som vart vedteke av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018 til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 20.01.2020.
 1. Følgje opp KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:
 - a) grunngjeving av val av styremedlemmar.
 - b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.
 - c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.

**Hordaland
Fylkeskommune**

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900, 5020 Bergen

telefon: 55 23 90 00

e-post: hogne.haktorson@hfk.no
e-post: roald.breistein@hfk.no
e-post: kjartan.haugesnes@hfk.no
e-post: helge.johansen@hfk.no
e-post: kontrollutvalet@hfk.no